

Det er avgjort - den minste grana vann.

04.06.2014



Den minste grana vart vald, og Bjørgulv kunne felle den andre.

Alle uskedelinger er stolte av den store og flotte julegrana i bygda. Den har til no vore pynta 51 ganger; - kvar jul sidan 1963. For nokre år sidan spreidde frykten seg då ein meinte at ein registrerte sjukdomsteikn på Grano. Derfor vart det aksjonert, og 17.mai 2009 vart ny gran planta av ordførar Synnøve Solbakken under ein høgtideleg seremoni med hornmusiikk og det heile.

Sommaren som fulgte viste at den nye grana vantrivdest, den tørka meir og meir ut og den var ikkje til å berga. Dermed måtte det plantast på nytt.

Eldsjelene i musikklaget som står bak julegrana, ville no vere på den sikre sida. Derfor planta dei i neste omgang to graner side om side. Den eine har heile tida vore litt større enn den andre, og begge såg ut til å trivast.

Sidan dei stod så tett måtte den eine no fellast. I kveld vart det gjort.

Etter musikkøvinga var 9 av musikklagsmedlemmen samla ved granene. Dommen var samstemmig. Begge granene såg ut til å klare seg godt, men den minste var friskast, finast og tettast. Dermed kunne Bjørgulv Eik fyre opp motorsaga og felle den andre.

No rår den nye julegrana grunnen åleine, og det er å håpe at den vil trivast like godt utan selskap.



9 musikklagsmedlemmer var til stades då valget av gran vart gjort.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland